

Saksnr
21/14

Utval
Komité for næring, miljø og kultur

Møtedato
24.09.2014



REGIONAL KULTURPLAN 2015 - 2025 PREMISS: KULTUR

Framlegg til vedtak:

Komité for næring, miljø og kultur sender høyringsuttale i samsvar med premissane i saka.

Saksprotokoll i Komité for næring, miljø og kultur - 24.09.2014

PS 21/14 – REGIONAL KULTURPLAN 2015 – 2025 PREMISS: KULTUR

Vedtak:

Komité for næring, miljø og kultur sender høyringsuttale i samsvar med premissane i saka. Leiar i samråd med nestleiar i komiteen får fullmakt til å slutta seg til eller ta inn deler av idrettsrådets høyringsuttale i den endelige høyringsuttalen frå Stord kommune i samråd med idrettskonsulenten.

Det er viktig at dei anlegg som har regional status gjennom «Plan for idrett, friluftsliv og kulturanlegg» blir prioriterte og følgd opp med økonomiske midlar og at denne planen er sett i samanheng med Handlingsprogrammet til kulturplanen.

Handsaming

Samrøystes vedteke.

Vibecke Beyer (H) la fram forslag som vedteke.

Dokumentliste

Vedlegg

Regional kulturplan
Handlingsprogram

Innleiing

Framlegg til Regional kulturplan og handlingsprogram (PREMISS: KULTUR. Regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025) er lagt ut til offentleg ettersyn med høyringsfrist 26. september 2014. Planen inneholder forslag til Hordaland sin samla politikk for kultur fram mot 2025 og inkluderer heile spekteret i kulturlivet; museum og kulturminnevern, arkiv, kunstproduksjon og kunstformidling, bibliotek, fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.

Rådmannen har sendt planen ut til aktuelle høyringsinstansar, samt lagt høyringsutkasta ut på Stord Folkebibliotek, i Kundetorget i Rådhuset og dei er lagt på kommunen si heimeside. Frist for innspel var sett til 28. august 2014. Innan fristen kom det 3 innspel; Biblioteket, Sunnhordland museum og frå Idrettskonsulenten. Deira innspel er fletta inn i høyringsuttalen:

Saksutgreiing

Visjon og målsetjingar

Under pkt 1.2 står det at visjonen for Regional kulturplan er å vidareutvikla Hordaland som ein leiande europeisk kulturregion, og at visjonen gjev uttrykk for ein ambisjon om å vera grenseoverskridande og nyskapande med risikovilje, og å ta vare på ulike verdiar.

Visjonen kan virka spenstig, men eit samarbeid utover landegrensene er naturleg. Fylkeskommunen bør i første omgang vera ein fag- og service instans for kommunane. Dei siste åra har dei kommunale kulturadministrasjonane i fylket vorte sterkt reduserte. I Stord kommune saknar me difor ein visjon som rettar seg mot kommunane i Hordaland. Ein visjon som har eit klart mål om å styrka, inkludera og vidareutvikla kulturområda.

Hordland fylkeskommune ønskjer å utfordra Osloregionen om konkurransen på kvalitet, nyskapning, merksemeld og statlege midlar. Noreg er eit lite land, og det trengs fagmiljø innan dei ulike kulturområda som kan hjelpe kommunane. Det er viktig at ein slik konkurranse har preg av samarbeid som genererer utvikling og mangfold.

I Stord kommune har me gode erfaringar gjennom samarbeid med Nasjonalmuseet for kunst, design og arkitektur. I lag med Stord kunstlag vert det sett opp større utstillingar. Stord Kulturhus får om lag åtte teaterframstillingar frå Riksteateret årleg. Derimot er det eit sagn for Stord Kulturhus at dei offentlege konsertane til Rikskonsertane er borte.

Regional kulturplan for Hordaland 2015 -2025 omhandlar heile kulturfeltet. Lokalt er det uttrykt uro for at områda innan idrett, friluftsliv og folkehelse ikkje vert prioriterte.

Prioritering av innsatsområde og tiltak i handlingsprogrammet

Planen femner over eit breitt område innan kultur, idrett og friluftsliv. Det er vanskeleg å trekka ut særskilde satsingsområde og ein vel i staden å kommentera nokre av områda.

6. NYNORSK KULTURSTRATEGI

I planen er det oppført følgjande mål for nynorsk Kulturstrategi (pkt 6.5):
«Auke bruken av nynorsk som kvardagsspråk og kunstspråk».

Planen er å styrkja Bergen og Hordaland si rolle som område for nynorske institusjonar og kulturytringar. I planperioden vil Hordaland fylkeskommune arbeida for å styrka bruken av nynorsk skriftkultur og Bergen si rolle som viktig by for nynorsk institusjonar og kulturytringar.

I Stord kommune saknar me eit breiare og meir konkret satsingsområde utanfor sjølve Bergen. Det er i kommunane rundt byen nynorsken vert brukt og det vert arbeidd aktivt med å ta vare på språktradisjonane. I regionane Hardanger og Sunnhordland er det 80 000 nynorskbrukarar. På Stord vert nynorsk barnebokfestival Falturiltu, og Barne- og ungdomsteaterfestival arrangert.

Hordaland fylkeskommune bør satsa på å få etablert eit senter for nynorsk barnelitteratur knytt til Høgskulen Stord Haugesund.

20. KULTURMINNEVERN OG MUSEUM

Under pkt 4.5, Kulturminnevern og museum, står det at statstikk i Hordaland viser at for kulturminne med regional eller nasjonal verdi, der staten og fylkeskommunen er mynde, er tapsprosenten låg. For lokale kulturminne der kommunane har avgjerdsmynde er tapstala tilsvarende høge.

Stord kommune var tidleg med å få utarbeidd kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø, samt bygningsvernplan. Likevel skjer det at kulturminne går tapt. Kommunane har eit ansvar, men har ofte ikkje den spisskompetansen som trengst. Det er difor viktig med fagkyndig rettleiing frå fylkeskommunen. Det er positivt at fylkeskommunen i sitt handlingsprogram prioriterer tiltak som å styrka ordninga med bygningsvernksousentar, og vil etablera ordningar for å styrke frivillig sektor og samarbeid om kulturarv.

21. KULTURMINNEFORVALTNING

Det er positivt at fylkeskommunen vil prioritera kulturminnedatabaser og tilstandsregistrering av freda kulturminne. Dette kan ikkje kommunane utføra kvar for seg.

27. KUNSTPRODUKSJON OG FORMIDLING.

Under pkt C står: « Styrke ei meir heilskap satsing på kunst- og kultur for barn og unge gjennom forpliktande samarbeid om ungdomens kulturmønstring, Kulturskulen, kunst- og kulturformidling i skulen».

Hordaland fylkeskommune har gjort ein god innsats i arbeidet med Den kulturelle skulesekken. Målet har vore å vektleggja at elevane skal få oppleva kunst- og kulturtildot med høg kunstnarleg kvalitet. Ordninga bør vidareførast og kan med fordel utvidast.

29. TILGANG TIL MODERNE OG ATTRAKTIVE BIBLIOTEK

I handlingsplanen står det at det må utviklast ein plan for bibliotekstrukturen i fylket. Dette er viktig sett i lys av mogelege kommunesamanslåingar på sikt. Kor stort må eit bibliotek vera for at me kan kalla det eit godt tilbod? Og kor lang avstand bør folk ha til eit folkebibliotek?

Forventningar går i retning av ytterlegare innsats på skule-/folkebibliotekområdet og utvikling av den nye oppgåva som uavhengig møteplass og debattarena for folkebiblioteka. Forventning går og i retning av at fylkesbiblioteket også i framtida vil arbeida desentralisert og utvikla regionsamarbeida.

30. BIBLIOTEKA SOM UAVHENGIG MØTEPLASS OG ARENA FOR OFFENTLEG DEBATT

Planen tek opp i seg kulturelle og tekniske endringar som er viktige for folkebiblioteka, og drøftar den nye funksjonen dei har fått frå 2014; som uavhengig møteplass og arena for offentleg debatt. Rådmannen saknar ei konkretisering av korleis fylkesbiblioteket kan gå inn å skapa eit naudsynt samarbeid mellom skule- og folkebiblioteka i kommunane. Samarbeidet mellom folkebiblioteka og skular/skulebibliotek er avgjerande. Fylkesbiblioteket kunne kanskje drive utviklingsarbeid og motivasjonsarbeid på dette feltet.

36. FYSISK AKTIVITET

Under pkt C Står: « I regional og kommunal planlegging skal det setjast mål for å leggja til rette for areal, infrastruktur og anlegg, som gjer det lettare å vera i fysisk aktivitet.

I høyringsutkastet s. 62 står det at det finst 2 ishallar i Hordaland, på Stord og i Bergen. Vidare står det «Det er ønskjeleg å vidareutvikle Slåtthaug idrettspark i Bergen, slik at det vert eit endå meir attraktivt og tilrettelagt aktivitetsanlegg for folk i heile Bergensregionen».

På Stord vert det jobba med å byggja tak over anlegget på Stord. For folk i Sunnhordlandsregionen er det viktig å få tilbod om innandørs isbane. Denne bør prioriterast på lik linje som i Bergen.

39 ANLEGG FOR FYSISK AKTIVITET, IDRETT OG FRILUFTSLIV.

I høyringsutkastet s. 62 siste setning står: «I planperioden skal om lag 40% av spelemidlane kvart år gå til bygging og rehabilitering av ordinære anlegg i Bergen kommune. Grunngjevinga er at Bergen har låg dekning av anlegg for idrett og fysisk aktivitet/friluftsliv rekna etter innbyggjartal, og at Bergen er ein av dei største studentbyane i Noreg.

I føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2014 er det nedfelt at Askøy og Bergen kan søkja om særlege tilskotssatsar (15%) sidan dei er pressområde. Endringa vil gjelda i perioden 2015-2018. Om Bergen skal ha omlag 40% av spelemidlane kvart år i heile planperioden på toppen av dette vil det kunna slå skeivt ut. Det er naturleg at Bergen får mest, men ei slik forfordeling vert opplevd som urimeleg.

Fagleg eller geografisk konsolidering av institusjonane, td. Museumseiningar

Sunnhordland museum skriv i sitt innspel til høyringsuttalen: «Industriarven i Sunnhordland– Stord kommune og resten av regionen har viktige kulturminne knytt til den moderne maritime industrien som me treng aukaressursar på museumsfeltet for å ta vare på. Her er kulturminne knytt til konstruksjon av store tankbåtar og oljeplattformar, bustadmodular, design av framdriftssystem og båtar, sveising som handverk, redningsbåtar, m.m. Dette er nye problemstillingar i museumsfeltet, me har Oljemuseet i Stavanger som tek seg av historia til oljeselskap og dei ulike oljefelta og produksjonen av olje, men i Sunnhordland har ein eit unikt høve til å dokumentera framveksten av ulike næringar knytt til leverandørindustrien og bygginga av plattform og design av supplybåtar. Her må Sunnhordland museum styrkast og gjera ein jobb på vegne av heile fylket!»

Gruvedrift i Sunnhordland har særslag lange tradisjonar i Sunnhordland frå kalkutvinning i Sunnhordlandsbassenget frå mellomalderen knytt til Halsnøy kloster, til moderne gruvedrift på Moster, Lykling og Litlabø. Regionen treng å styrkast for å kunna samordna innsatsen for å ta vare på denne historia og dei viktige kulturminna knytt til dette feltet.»

Fylkeskommunal driftsstøtte

Under pkt 2.5 Tilskot til drift, står det at Hordaland fylkeskommune vurderer å endra tilskotsordninga til drift. Tilskotet har eit langsiktig strategisk preg og går som hovudregel til varige føremål. Det vert lagt opp til at driftstilskota ikkje skal vera tidsavgrensa, og ha ein stabilitet frå år til år. Det skal likevel rapporterast årleg og det skal fremmest ny søknad kvar år. Hordaland fylkeskommune vurderer å endra ordninga til alternative tilskotsperiodar for tilskot til drift og ber høyringspartane om innspel.

I Stord kommune ser me positivt på at ordninga vert endra slik at ein søker ein gong for ein driftsperiode, og at det likevel vert rapportert årlege utan årlege søknader. Me føreslår at perioden bør gå over 4 år, noko som gjev betre kontinuitet for drifta.

Korleis vert det regionale kulturoppdraget oppfatta og kva er forventningane?

Rolla til fylkeskommunen er at dei skal vere ein regional utviklingsaktør. Rådmannen vil særleg trekke fram at Hordaland fylkesbibliotek gjer ein god jobb, m.a. når det gjeld å utvikla eit regionalt samarbeid.

Konklusjon, alternativ tilråding

Rådmannen rår til at Komité for næring, miljø og kultur sender høyringsuttale i samsvar med premissane i saka.